

Valen Helselag,
Valevegen 124, 5451 Valen

Valen 13.07.13

Til Norges vassdrags- og energidirektorat

Høyringsuttale ved Valen Kraftverk A/S sin søknad om utbygging av Sitautevatn og Valedalen Kraftverk, Saksnummer: 201100802

Valen Helselag er eit lokallag under Nasjonalforeningen for folkehelsen, www.nasjonalforeningen.no. ein frivillig, humanitær organisasjon med helselag over heile landet som arbeider for fremjing av folkehelse og førebyggjing av sjukdom.

Valen Helselag rår i frå utbygging av Sitautevatn. Utbygginga vert vurdert til å ha store konsekvensar for framtidig friluftsmoglegheiter. Dette gjeld spesielt då det er ei INON sone som er samanhengande fjord-fjell-fjord, og gjev såleis ei spesiell oppleving.

Valen Helselag rår til alternativ 2 ved utbygging av Valen Kraftverk. Utbyggingsområdet då det viktigaste området for Valen Helselag sine friluftaktivitetar. Ein må ved utbygging ta omsyn til at dette er det mest populære friluftsområdet for bygda, og ei innskrenking av dette vil få konsekvensar for folkehelsa. Ein må ta vare på natur, fiske- og dyreliv, då dette er avgjerande for at området skal ha ein rekreasjons verdi.

Med helsing

Kari Marie Thorkildsen, leiar